



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 01.09.2016
Vår ref: 16/00769-5
Deres ref: 2015/7064-10

Fråsegn til høyring av forslag til regional planstrategi for Hordaland 2016–2020

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 31. mai 2016.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har et særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.*

Om saka

Hordaland fylkeskommune har lagt ut forslag til regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 på høyring. DMF har gitt fråsegn til planarbeidet tidlegare i prosessen etter møte i regionalt planforum i april 2016.

Fråsegn til saka

Mineralske ressurser har betydning for regional planstrategi for Hordaland på fleire områder. Uttak av både grunneigers og statens mineralar vil ha ei viss påverknad på arbeidsmarknaden i regionen. Her ser vi ei kopling mellom strategi 1 *Auke nyetablering og framtidensretta verdiskaping i næringslivet* kor mineralnæringa kan gje fleire arbeidsplassar.

Planar etter ein regional planstrategi, kor omsynet til mineralske ressurser tas med, må difor etter vårt syn gje langsiktige rammar og føresegn. Dette er spesielt viktig fordi



mineralressursar berre kan drivast ut der dei naturleg førekommer. Vi ber derfor om at det også ses på moglegheitene for utviding av drift ved eksisterande uttak i eit langsiktig perspektiv. Dette er eit moment som kan vere viktig for å sikre arbeidsplassar i primær og sekundærnæringa i regionen, noko som er viktig i ei tid kor det i nasjonal samanheng er ei nedgang i talet på industriarbeidsplassar i Noreg.

Uttak av mineralske ressursar har også innverknad på klima- og miljøvenleg utvikling av regionen. Utslepp av klimagassar og slitasje på infrastruktur frå mineralnæringa kan reduserast med kortare transportveg frå råvareuttak til foredlingsanlegg og vidare til kunde.

DMF er einig i at: "*Berekraftig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar som mineralar, stein, sand og grus må etablerast og vil gje fylket konkurransefortrinn på lang sikt.*" Me ser fram til å sjå korleis dei forskjellige naturressursane skal målast opp mot kvarandre.

På side 16 i forslag til regional planstrategi er *Ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar* omtalt. Her er me einige i hovudtrekka, men me vil påpeke at det for pukk og grus også er viktig å sjå på tilgjengelegheita for pukk og grus lokalt i regionen. Me påpeiker dette på grunn av at dei førekomstane som er registrert av NGU som lokalt viktig kan ha ein høgare reell verdi større verdi enn nasjonalt datasett viser. Dette fordi størrelse og/eller geografisk plassering av førekomstområdene ikkje er vurdert ut i frå regionalt perspektiv.

For meir informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår www.dirmin.no.

Med helsing

Marte Kristoffersen
seksjonsleiar

Vegar Christoffersen Walsø
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Vegar Christoffersen Walsø

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Kopi til: